



Kartverket

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690

5936 MANGER
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	14227906	Dato:
	Sak/dok.:	19/12567-1	11.03.2019
	Ark.:	346	

Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 45 bnr. 416 og 417 i knr. 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert melding til tinglysing de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Når eigedommane skal frådelast kan det ikkje være ulike hefte på eigedomene. Dette vil føre til prioritetskollisjon. Før vi kan frådele må prioritetskonflikten løysast. Vi ber derfor om at det blir vedlagt originale pantedokument med påført eller vedlagt påteikning om sletting, pantefråfall eller prioritetsviking frå rettshavar.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00.

Venleg helsing

Lene Høibakk
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

www.kartverket.no